



Il Kvernbit
Fosseskarvegen 4
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/5857 - 22/71210

Saksbehandlar:
Einar Aase
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:
16.09.2022

Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 324/103 Langeland


Tiltak: Garasje
Byggjestad: Gbnr: 324/103
Tiltakshavar: Il Kvernbit
Ansvarleg søkjar: Navar Takst Og Eiendom As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 02.08.2022.


Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Situasjonkart må utbetrast. Ytre mål på tiltak må visast på situasjonkart. Kartet må vidare syne avstand til nabogrenser, veg og eventuelt andre nærliggjande bygg.
2. Tiltak ligg etter det kommunen kan sjå innanfor reguleringsplan for Fossemyra idrettsanlegg (plan-id: 125620000301), og er ikkje omfatta av planendring som vart utført i 2018. Denne planendringa er avgrensa til område vist på utklipp:



Tiltak ligg dermed innanfor arealføremål F1 – friområde for idrettsbaner. Det er vurdert at tiltak krev dispensasjon frå arealføremålet. Alternativt må tiltak plasserast innanfor arealføremål B1 – byggeområde for klubbhus og idrettsanlegg. Sjå bilete for skiljet mellom føremåla:



Kommunen ber om at tilleggsmasjion vert sendt inn samla innan **10.11.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Einar Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Il Kvernbit
Navar Takst Og Eiendom As

Fosseskarvegen 4
Bustølvegen 40

5919 FREKHAUG
5919 FREKHAUG